

SAK 61/26 BUDSJETT 2027 OG ØKONOMIPLAN 2027 – 2030. REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL
Saksopplysning:

Regionrådet utarbeider kvart år eit driftsbudsjett og ein økonomiplan for den kommande fireårsperioden. Årsbudsjett og økonomiplan skal vedtakast av Hallingtinget. Driftsbudsjettet for 2027 tek utgangspunkt årsbudsjett 2026, rekneskap for 2025 og vedtak fatta i driftsåret 2026.

Det er lønnskostnadene som er den største utgiftsposten på driftsbudsjettet. Her er oversikt over dei stillingane som er knytt til Regionrådet frå 2027.

Stilling	Stillingsprosent	Kommunal finansiering	Anna finansiering	Merknad*
Dagleg leiar	100%	100%		
Regionalforvaltar	100%	70% HUR*	30% prosjekt	20% HUR
Klimakoordinator	100%	50%	50% prosjekt	
Sirkulærøkonomi	100%		100% prosjekt	Viken fylkeskommune
Etablerertenesta	100%	87%	13% fylket	Nesbyen er ikkje med

Disposisjonsfond:

Disposisjonsfondet var pr. 31.12.2025 på kr. 1 086 179 I budsjettbehandlinga hausten 2025 vart det vedtatt at det skal overførast kr 774 323 frå disp.fond til Regionplan. Det betyr at disp.fondet no ligg på $1\,086\,179 - 774\,323 = 311\,856$

Hallingtinget har tidlegare rådd til at Regionrådet sitt disposisjonsfond skal vera på minimum kr 800.000 ved starten av året for å kunne dekke oppdukkande behov som ikkje er budsjettert. Dei seinare åra har det vore noko mindre enn kr. 800 000. Dagleg leiar foreslår at disp. fondet blir ståande på kr 700 000 i 2027, og at ein då må tilføre i underkant av 400 000 for å koma dit.

Disposisjonsfond i dag	kr.	311 856
Overføring frå kommunar	kr	388 144
<u>Foreslått disposisjonsfond frå 1. januar 2027</u>	kr	<u>700 000</u>

Regionplan for Hallingdal:

Regionplan for Hallingdal er den overordna planen for arbeidet til Regionrådet. Midlar til gjennomføring av Regionplan har dei siste åra vore finansiert med kr. 900 000 frå kommunane. Dagleg leiar foreslår å vidareføre dette nivået i 2026.

Eigeninnsats og prosjektmidlar

Erfaringsmessig hentar me ut omlag 1 mill. pr.år, frå andre aktørar til ulike tiltak som står i Regionplanen. I 2026 vart dette beløpet større fordi det var større grad av øyremerka midlar finansiert av fylket, fond og stiftingar. I budsjettet har me lagt inn inntekt på kr. 500.000 som skal dekke delar av lønnskostnadene på regionalplanleggaren og klimakoordinatoren.

Innsatsen til Ungt Entreprenørskap har auka med kr. 180 000 frå kr. 300 000 til kr. 480 000 i 2025 og ligg på same nivå i år.

Tilskot frå kommunane på rein drift er budsjettert med kr. 3. 130.000, som er ei auke på 4,2 % frå 2025. Om ein tek med finansiering av Strategisk plan Hallingdal og tilføring av midlar på dispfond – har den kommunale finansieringa auka med 13,8% frå 3870000 til 4418144. Årsaka til den auken er at det fjoråret var spesielt fordi mindreforbruket frå 2025 var nytta til å finansiere dispfond og Strategisk plan midlar. I tillegg til dette har me finansiert med renteinntekter og inntekter frå andre. Dette er «usikre inntekter, men Regionrådet har totalt 80% stilling som ikkje er finansiert med kommunale midlar

Samandrag økonomiplan 2027 - 2030

TILTAK	2027	2028	2029	2030
Driftsbudsjett	4 400 000	4 500 000	4 600 000	4 700 000
Tiltak Strategisk plan (ordinær løyving)	900 000	900 000	900 000	900 000
Disposisjonsfond	388 144	0	0	0
SUM	5 688 144	5 400 000	5 500 000	5 600 000

Finansiering

TILTAK	2027	2028	2029	2030
Kommunane, driftsbudsjett	3 130 000	3 300 000	3 500 000	3 700 000
Eigeninnsats	500 000	500 000	500 000	500 000
Renter	770 000	700 000	600 000	500 000
Kommunane, disposisjonsfond	388 144	0	0	0
Kommunane, tiltak Strategisk plan	900 000	900 000	900 000	900 000
SUM	5 688 144	5 400 000	5 500 000	5 600 000

Fond

Regionrådet har ei rekke fond og prosjektmidlar. For å få ei betre oversikt over desse, vil me i år legge fram ei liste over alle fond og eit forslag til korleis ein kan få det litt meir oversikteleg. Fonda/prosjekta er lagt fram i vedlegg 3.

Forslag til vedtak

- Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek følgjande forslag til finansiering av regionalt arbeid:
 - driftsbudsjettet 2027 for Regionrådet, med ei kommunal finansiering på kr. 3 130 000
 - gjennomføring av tiltak i strategisk plan med ei kommunal finansiering på kr. 900 000
 - justering av dispfond med kr 388 144
- Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond blir på kr. 700 000 for 2027 og at ein går attende til vedtak på kr. 800.000 frå og med budsjettåret 2028.
- Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 350.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert.
- Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan nyttast inntil kr. 350.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.
- Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2027 – 2030

Hallingdal 22. sept. 2026

Jan Olav Helling
 Dagleg leiar

Vedlegg 1: Forslag til driftsbudsjett for 2027.

Vedlegg 2: Forslag til kostnadsdeling, mellom kommunane for 2027

Vedlegg 3: Fondoversikt pr 1. okt 2026

Vedlegg 1: Forslag til driftsbudsjett for 2027.

KONTO	TEKST		BUDSJETT FOR 2026	REKNESKAP FOR 2025
10100	Løn	2 040 000	1 930 000	2 220 810
10900	Pensjon	345 000	320 000	459 015
10990	Arbeidsgjevaravgift	252 000	240 000	243 236
11000	Kontormateriell		0	0
11501	Bevertning (inkl 11150)	20 000	19 000	20 951
11209	Andre utgifter (inkl annonser)	10 000	10 000	0
11300	Porto		1 000	0
11301	Telefon	20 000	5 000	16 951
11402	Profilering		5 000	0
11500	Kurs, konferansar inkl.11950	20 000	20 000	22 071
11600	Reiseutgifter, adm. Inkl.11700, 11703	55 000	30 000	56 441
11709	Andre driftsutgifter		0	13 000
11900	Husleige	160 000	120 000	158 565
11951	Lisensavgifter inkl 11953	30 000	50 000	22 163
12000	Inventar og utstyr inkl.12002-4	35 000	15 000	32 846
12700	Konsulenttenester regnskap	270 000	270 000	-12 000
13800	Rekneskapsføring/revisjon, konsulent	50 000	35 000	260 000
SUM ADMINISTRASJONSKOSTNADER		3 307 000	3 070 000	3 514 049

POLITISK DEL

10100	Løn (20% HUR 876)	170 000	0	0
10801	Godtgjersle leiar		60 000	60 000
10900	Pensjon	30 000		
10990	Arbeidsgjevaravgift	27 000	10 000	6 360
11151	Bevertning/matvarer	180 000	120 000	197 807
11207	Annna utgiftsdekning	-		36 403
11209	Ana forbruksmateriell	-	10 000	1 069
11500	Opplæring	-	0	105 271
11900	Husleige inkl.11703 og 11900	120 000	120 000	5 000
11950	Kontingent Fjellregionsamarbeidet	80 000	60 000	77 598
12700	Konsulenttenester og juridisk bistand		0	0
14700	Tilskot "Dølaminne"	6 000	6 000	6 000
	Drift Hallingdal ungdomsråd		200 000	
	Ungt entreprenørskap 836	480 000	480 000	480 000
SUM UTGIFTER REGIONRÅDET		1 093 000	1 066 000	975 508
TOTALE KOSTNADER		4 400 000	4 136 000	4 489 557

INNTEKTER

17300	Tilskot frå andre	500 000	400 000	400 000
17500	Frå kommunane etter fordeling, drift	2 650 000	2 500 000	2 500 000
19000	Renter av bankinnskott	770 000	756 000	745 000
17500	Tilskot kommunane Ungt entreprenørskap	480 000	480 000	480 000
SUM INNTEKTER		4 400 000	4 136 000	3 725 000

Vedlegg 2: Forslag til kostnadsdeling, mellom kommunane for 2027
**REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL,
FORDELING AV KOSTNADER FOR 2027**
FORDELING AV KOSTNADER TIL DRIFT:

30 % flat fordeling

70 % etter folketal (utgang 2. kvartal 2026)

BUDSJETT 3 130 000
FORDELING KOSTNADER REGIONPLAN

Fordeling er gjort etter folketal utgang 2. kvartal 2026

BUDSJETT 900 000
DISPOSISJONSFOND

Fordeling er gjort etter folketal utgang 2. kvartal 2026

BUDSJETT 388 144
KOSTNAD PR. KOMMUNE:

Kommune	Innb.	1.1-30.6	1.7-31.12	SPH	Disp.Fond	Totalt 2027	Totalt 2026
Flå	1126	135 669	135 669	47 172	20 344	338 854	307 673
Nesbyen	3212	242 042	242 042	134 562	58 033	676 679	605 614
Gol	4949	330 618	330 618	207 331	89 416	957 984	830 189
Hemsedal	2738	217 871	217 871	114 705	49 469	599 916	520 508
Ål	4876	326 896	326 896	204 273	88 097	946 162	827 673
Hol	4582	311 904	311 904	191 956	82 785	898 549	778 343
SUM	21483	1 565 000	1 565 000	900 000	388 144	4 418 144	3 870 000

Vedlegg 3: Fondoversikt pr 1. okt 2026 (ikkje klar før 1. okt)
FONDSOVERSIKT REGIONRÅDET

PROSJEKT	NAMN	SUM PR.DATO
809	Bulyst programmet	-478 532
821	Idretts og kulturaktivitetar	-10 000
822	Jobb i Hallingdal	11 700
825	Høgskuletilbod	-1 200 000
830	Is riksveg 7	-138 013
835	Strategisk plan	-8 437
836	Ungt Entreprenørskap	0
837	Yrkesmessa	-62 289
838	Internasjonalt kommunenettverk	-183 300
844	Hallingdal - bærekraftig reisemål	-31 459
845	Forsikringar	-352 130
846	Bu- og Blilyst	-488 403
850	Sats på Hallingdal	-187 990
852	Visit Hallingdal (kva skjer)	81 732
860	Hallingdal Berekraft	-200 000
866	Trainee Hallingdal	-67 764
869	Campus	-269 553
870	Historia om Hallingdal	-21 488
876	Hallingdal Ungdomsråd	-159 117
878	Regionalt næringsfond	-1 457 806
885	Hallingdal/Kva skjer	1 047
888	Reine elver	-92 982
890	Breiband Hallingdal	-8 295 897
891	Regionrådet, politisk del	169 973
892	Regionrådet, adm. del	1 400 690
893	Sirkulærøkonomi	-803 189
895	Klima og energiplan	-370 954
896	Klimakoordinator	620 374